



Høyringsuttale

Referansenummer: DX58SC

Registrert dato: 06.04.2016 22:46:39

Innleiing	
Uttalen blir gjeven	
<input checked="" type="radio"/> Personleg	
Opplysningsar om innsendaren	
Førenamn	
Kjellaug Bolset	
Etternamn	
Strand	
Adresse	
Austfjordvegen 2569	
Postnummer	Poststad
5981	MASFJORDNES
Telefon	
E-post	
Opplysningsar om føretak/lag/foreining	

Uttale	
Har du/dere fått høyringssaka i adressert sending frå kommunen	
<input checked="" type="radio"/> Nei	
Namnet på høyringssaka	
Kommunestruktur	
Høyringsbrevet frå kommunen er datert	
Saksnr./ref.nr.	
Uttale til saka	
Det er vanskeleg å sjå føre seg at Masfjorden vil kunne halde på gode særordningar i ein storkommune. Her kan nemnast støtte til husbygging for unge, støtte til førarkort og barnehagesatsar som ligg under makspris. Det er også vanskeleg å tru at kulturskulen vil kunne oppretthalde det desentraliserte tilbodet dei har i dag, både med individuell undervisning og ikkje minst å vere med på små arrangement t. d på seniortreff, arrangement på biblioteket mm. I ein storkommune vil også biblioteka våre forsvinne ganske fort om ein skal følgje Lov om folkebibliotek som seier at det skal vere eit folkebibliotek i kvar kommune. Dette vil igjen vere eit stort tap for skulane.	
Med å gå inn i ein storkommune, trur eg vi på sikt vil gå mot ei avfolkning av småbygdene i og med at dei fleste arbeidsplassane sannsynlegvis vil ligge i og rundt kommunenesenteret. Er det det vi ynskjer? Om det blir fleirtal for ein storkommune, blir det viktig for politikarar og fellesnemda å sjå til at innbyggjarane i Masfjorden sine interesser blir ivaretekne.	